# Den norske Rhododendronforening Avdeling Vest

## Årsmelding 2019

**Styret i 2019** etter valet på årsmøtet 02.04.2019:

| | |
|---|---|
| Tor Jan Ropeid | leiar |
| Terhi Pousi | nestleiar |
| Sonja Elisabeth Hjelle | kasserar |
| Jan Rune Hesjedal | sekretær |
| Eva Irgens | styremedlem |
| Astrid Jacobsen | styremedlem |
| Hans Kjell Johansen | varamedlem |
| Håkon Morvik | varamedlem |

**Revisor:** Bjørg S. Rasmussen
**Valkomité:** Harald Kårtveit og Torolf Juvik

Styret har hatt fem møte i 2019, alle i driftsbygget på Det norske arboret, Milde. 49 saker vart behandla.

**11. februar – Medlemsmøte: Hva er nytt fra Kina?** ved Jens Nielsen. Kaffi og plantelotteri. 29 frammøtte.

**2. april – Årsmøte og medlemsmøte.** Etter årsmøtet heldt Tor Jan Ropeid eit foredrag om plantar som høver godt saman med rhododendron. Kaffi og plantelotteri. 24 frammøtte.

**12. mai – Vårtur.** Me vitja Birger Westervik på Dalsøyra og Håkon Vangsnes og hans Nautesund plantesalg. Samkøyring med 22 deltakarar.

**24.–26. mai – DnR-årsmøtehelg på Sola**
Arrangør var Rhodo Sør-Vest. Antal deltakarar 34, av desse 11 frå Rhodo Vest.

**26. mai – Arboretets dag på Milde**. Aktivitetsdag for heile familien. Rhodo Vest hadde informasjonsstand som vart bemanna av Astrid Jacobsen, Håkon Morvik og Jan Rune Hesjedal. Me reklamerte med gåveplantar til nye medlemmer, noko som gav fem nye medlemmer til Rhodo Vest.

**18. august – Hausttur**. Det var dugnad i hagen til Jan Valle på Seim. Samkøyring med 15 deltakar. Trass dårleg ver var alle samde om at tiltak som dette er noko å satsa på.

**6 . november – Medlemsmøte. Harald Olav Aksnes frå Gimle planteskule i Norheimsund fortalde om jord og jordblandingar for rhododendron.** Kaffi og plantelotteri. 38 frammøtte.

Rhodo Vest arrangerte planteimport frå Glendoick Gardens. 16 medlemmer bestilte plantar. Importen vart administrert og gjennomført av Harald Kårtveit.

Sølvi Søbstad si Facebook-side for Rhodo Vest (Den norske Rhododendronforening-Vestlandet) har no 40 medlemmer.

Pr. 31.12.2019 hadde DnR 383 medlemmer, 139 av desse soknar geografisk til avdeling Vest.

Rhodo Vest vil takka alle som har gjeve plantegåver til lotteri, og alle som har delteke på møte og turar og dermed gjeve oss endå eit hyggeleg rhododendronår. Takk til Arboretet og Botanisk hage på Milde for godt samarbeid og lån av lokale til styremøta våre.

Bergen 04.01.2020

Styret i Rhodo Vest